

Kyrkjegardsføresegn

For Vågsøy kommune



**Vedtatt i medhald av lov av 7. Juni 1996 nr. 32 om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd
(gravferdsloven) § 21**

**Vedtatt av Vågsøy sokneråd den 19.11.02
godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd den 03.12.2002.**

§ 1 KVA FOR EIN KYRKJEGARD EIN TILHØYRER

Avdøde personar i kommunen kan gravleggast på kva som helst av kyrkjegardane i kommunen.

Dette gjelder også sjølv om avdøde på grunn av sjukdom, alderdom eller annan grunn har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Gravlegging på Måløy øvre og nedre kyrkjegard kan berre skje i ei festa grav. Frå 01.01.2004 er det berre høve til ektefellegravlegging på Måløy øvre og nedre kyrkjegard.

§ 2 FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstida for urnegraver er 20 år. Fredingstida for kistegraver er 20 år. Festetida er 10 år. For gravplassen i Holvik og i Tytingvåg gjeld andre reglar.

§ 3 DELEGASJON

Forvaltninga av kyrkjegardsvedtektene er delegert frå Vågsøy sokneråd til kyrkjevevja/dagleg leiar. Det same gjeld for § 12, 25 og 26 i forskrift til lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd, jf § 38 i same forskrift.

§ 4 FESTE AV GRAV

Når ei kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sidan av, og etter søknad til Vågsøy sokneråd, ei ekstra grav i tillegg når det er trong for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad. Ved bruk av urnegrav kan det ikkje festast grav ved sidan av.

For feste av grav etter at fredingstida er ute, og for feste av særskilt grav skal det betalast den festeavgift som til einkvar tid er fastsett av kommunestyret etter forslag frå soknerådet.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 20 år. Når det er gått 80 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan etter spesielt samtykke frå soknerådet. Festar skal varslast i god tid før festetida er ute. Dersom festet ikkje er fornya innan 6 månader etter forfall, fell gravstaden attende til kyrkjegarden.

Dersom den ansvarlege eller festarens samtykke til bruk av grav ikkje kan innhentast, kan soknerådet ta avgjersle om gravlegging. Fester plikter å melde adresseforandring.

§ 5 GRAV OG GRAVMINNE

Kyrkjegardstilsette vil sørgje for at grava vert planert og sådd til etter gravlegging. Montering av gravminne kan tidlegast skje etter 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida kan tilsette ordne med eit merke der avdøde sitt namn vert sett på.

På ein ny festa gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som vart teke i bruk først og vert ståande der for godt.

§ 6 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinskant i same høgde som terrenget rundt.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på aller sider av gravminnet.

§ 7 PLANTETILFANG

Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal vere heilt kompostèrbart.

§ 8 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller festegrav har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal såast til av den ansvarlege eller av kyrkjegardstilsette. Soknerådet kan syte for årleg planting på grav mot betaling på forskot.

§ 9 GRAVLEGAT

Mot innbetaling av ein bestemt sum til eit gravlegat, vil soknerådet overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Gravlegatet vert forvalta av fellesrådet sin daglege leiar som legatstyrar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgifter til vanleg planting og stell av gravstaden i ei fastsett tid. Det skal i kvart einskild høve opprettast legatavtale.

Gravlegat kan ikkje opprettast slik at det varer lenger enn den fredingstida eller festetida som ligg framføre. Dersom det oppstår slike økonomiske forhold i legattida at midlane ikkje rekk til, skal legatstyraren gje melding om dette til den som er ansvarleg eller festaren. Det er da høve til å auke legatet slik at det rekk tida ut. Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er brukte opp.

Dersom det er midlar att av legatet når tida er ute, kan dei brukast av soknerådet til å gjere kyrkjegarden vakrare.

Gravlegata vert forvalta i fellesskap, men legatstyraren fører eigen rekneskap for kvart legat som vert revidert årleg. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av legatmidlane.

§ 10 BÅREROM

Soknerådet disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 11 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på kyrkjegarden skal ha løyve frå soknerådet. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

Informasjon om kyrkjegardsforvaltninga vert gjeve av kyrkjevevja i Vågsøy kommune.